

Saksframlegg

Saksbehandlar: Kristin Arnestad, Staffan Hjøhlman, Merete Farstad, Nærings- og kulturavdelinga, Ida-Beate Mølmesdal, fylkesrådmannen planstab

Sak nr.: 19/1202-2

Høyring - forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Vestland

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Lista over prioriterte vassdrag knytt til § 15 Kant sone i eng, og § 16 Spreiing av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen som er lista opp i vedlegg 6.1 i Regionalt miljøprogram, bør ikkje ligge fast i 4-års-perioden. Det bør vere høve for å revidere lista.
2. Fylkeskommunen ønskjer i denne omgang å spele inn følgjande vassdrag og vassførekomstar i tillegg til dei som er lista opp i vedlegg 6.1 i Regionalt miljøprogram:

| Kommune | Vassførekomst | Årsak |
|-----------|---|-------------------------------|
| Gloppen | 087-116-R Storelva, bekkefelt nedre del | Vasskvalitet i enkelte bekkar |
| Naustdal | 084-14-R Redalselva (Liaelva) | Elvemusling |
| Naustdal | 084-196-R Svovatnet, bekkefelt | Vasskvalitet i Bøelva |
| Gaular | 083-218-R Vassenden | Vasskvalitet |
| Gaular | 083-107-R Løyken | Vasskvalitet |
| Askvoll | 084-284-R Gjelsvikelva | Vasskvalitet |
| Fjaler | 082-100-R Skadalselv, Torsetelv | Vasskvalitet |
| Hornindal | 089-99-R Jutedalsgrova | Vasskvalitet |
| Stryn | 088-24-R Høgalmelva | Vasskvalitet |

3. Når regionalt miljøprogram og forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket Vestland skal evaluerast oppmodar vi fylkesmannen om å evaluere ordninga i § 15 om kantsone i eng med tanke på om 4 meter kantsone, som ikkje er gjødsla eller sprøyta, er tilstrekkeleg til å nå miljømålet *god økologisk tilstand*.

Vedlegg:

1. Høyringsbrev – forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Vestland
2. Framlegg til forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Vestland

3. Regionalt miljøprogram Vestland 2019-2022, utkast per. 14.02.2019 (inkludert vedlegg 6.1)

Andre relevante dokument i saka:

Fastsettelse av instruks for regionale miljøtilskudd

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkesmannen i Vestland skal utarbeide nytt regionalt miljøprogram for Hordaland og Sogn og Fjordane for perioden 2019-2022. Regionalt miljøprogram er både eit strategidokument og inneheld dei regionale miljøtilskota. Det er forslaget til forskrift for regionale miljøtilskot i jordbruket, Vestland som no er på høyring, og som hovudutvalet skal ta stilling til i denne saka.

Landbruksdirektoratet har vedteke ein nasjonal instruks for regionale miljøtilskot. Instruksen klargjer kva fylkesvise tilpassingar det er høve til å gjere.

Framlegget til forskrift er utarbeida av fylkesmannen i Hordaland, og fylkesmannen i Sogn og Fjordane (no samla i Vestland). Framlegget er utarbeida i samråd med faglaga i landbruket, og fylkesmannen har rådført seg ei ressursgruppe. Sogn og Fjordane fylkeskommune har delteke med deltakarar frå kultur og vassforvaltning.

Fylkesmannen ber særleg om uttale kring:

- Søknad; om det er ordningar som kan misforståast
- Forvaltning og kontroll: korleis bonden kan dokumentere, kor lett det er for kommunen å handsame søknaden m.m.
- § 15 Kant sone i eng, og § 16 Spreiing av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen: Vurdering av prioriterte vassdrag.

Frist for høyringsinnspel er 1. april 2019.

Forskrifta har dette hovudinnhaldet:

Kapittel 1 – Innleiande føresegner

Kapittel 2 – Kulturlandskap

Kapittel 3 – Biologisk mangfald

Kapittel 4 – Kulturminne og kulturmiljø

Kapittel 5 – Avrenning til vatn

Kapittel 6 – Utslepp til luft

Kapittel 7 – Generelle føresegner

3. Vurderingar og konsekvensar

Generelt

Fylkeskommunen har delteke i ei ressursgruppe og har kome med innspel der, særleg på tema som går på kulturlandskap, kulturminne og kulturmiljø og vassmiljø. Det er difor avgrensa tilbakemeldingar å kome med no. I det store og heile meiner vi forskrifta er fornuftig innanfor dei nasjonale føringane som er lagt. Vi kunne tenkt oss at det fanst meir heilskaplege verkemiddel innan til dømes utslepp til luft.

Utslepp til luft

Regional plan for klimaomstilling 2018-2021 har "klimavenleg landbruk" som eitt av dei prioriterte tema i planen, og overordna mål er:

"Landbruksnæringane i fylket vert drive på ein meir klimavenleg måte enn i dag, og er tilpassa framtidige klimaendringar". Dette vert følgt opp med tilhøyrande effekt- og resultatmål som går på at Sogn og Fjordane har ein berekraftig landbruksproduksjon...som reduserer utslepp av klimagassar per produserte eining mjølk og kjøt osv. Det vert også lagt opp til at det vil vere mogeleg for aktørar i landbruket å søke støtte til tilskotsordning for klima- og miljøtiltak.

Utkast til Regionalt miljøprogram for Vestland 2019-2022 omtalar klimagassutslepp, og peikar på at utslepp til luft på Vestlandet i hovudsak kjem frå gjødsel, jord, fôr og maskinparken. Her blir det også peika på at utsleppsstatistikk frå landbruket berre inkluderer utsleppskjeldene: fordøyingsprosessen hjå husdyr, gjødselhandtering og jordbruksareal. Dette er berre knytt til dei biologiske prosessane i husdyra, gjødsla og dyrkingsjorda som medfører danning av metan og lystgass. Dersom ein ser på utsleppa frå dei motoriserte køyretøya og anna utstyr på garden, så fell det under statistikken frå «anna mobil forbrenning» (i Miljødirektoratet sin statistikk). Desse utsleppa stammar frå traktorar og maskiner innan jordbruk og skogbruk som nyttar seg av avgiftsfri diesel.

Innhald i forskrifta vi no er invitert til å kome med høyringsframlegg til, er regulert av ein nasjonal instruks, og det er berre opna for tilskot der føremålet er å stimulere til gjødslingsmetodar som gir redusert utslepp av ammoniakk og lystgass. Vi har difor ikkje innspel til endring av forskrifta.

Skal vi få ned klimagassutsleppa per produserte eining vert det naudsynt å inkludere alle dei bakanforliggande utsleppa under produksjonen. Dette inkluderer både type fôr, korleis fôret er produsert og kjem til brukaren, bensin- og dieselbruk for motoriserte køyretøy/utstyr, energibruk i bygget det er produsert osv. Vi bør difor jobbe for at det både nasjonalt og regionalt vert lagt til rette for heilskaplege verkemiddel, som gir stor effekt. Aktuelle tiltak som kan ha effekt er mellom anna tilskot til alternativ teknologi, nullutsleppsløysingar og auka opptak av karbon i skog/jord.

Vassdrag og vassførekomstar

I høyringsbrevet er det bedt særskilt om at høyringsinstansane vurderer prioriterte vassdrag knytt til § 15 Kant sone i eng, og § 16 Spreiing av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen. Desse vassdraga og vassførekomstane er lista opp i vedlegg 6.1 i Regionalt miljøprogram.

Sogn og Fjordane fylkeskommune viser til at tal vassdrag og vassførekomstar er ulikt fordelt mellom Hordaland og Sogn og Fjordane. Av vassdraga ligg 13 i Hordaland, og 8 i Sogn og Fjordane. Av vassførekomstane ligg 52 i Hordaland, og 13 i Sogn og Fjordane.

Fastsetting av tilstand og påverknad frå landbruket vil kunne endre seg for enkelte vassførekomstar i løpet av 4-årsperioden som regionalt miljøprogram skal gjelde for. Mellom anna blir det jamleg gjort nye feltundersøkingar og vurderingar. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil føreslå at lista ikkje ligge fast i 4-års-perioden, men at det skal vere høve for å revidere lista. Fylkeskommunen ønsker i denne omgang å spele inn følgjande vassdrag og vassførekomstar i tillegg til dei som er lista opp i vedlegg 6.1:

| Kommune | Vassførekomst | Årsak |
|----------------|---|-------------------------------|
| Gloppen | 087-116-R Storelva, bekkefelt nedre del | Vasskvalitet i enkelte bekkar |
| Naustdal | 084-14-R Redalselva (Liaelva) | Elvemusling |
| Naustdal | 084-196-R Svovatnet, bekkefelt | Vasskvalitet i Bøelva |
| Gaular | 083-218-R Vassenden | Vasskvalitet |
| Gaular | 083-107-R Løyken | Vasskvalitet |
| Askvoll | 084-284-R Gjelsvikelva | Vasskvalitet |
| Fjaler | 082-100-R Skadalselv, Torsetelv | Vasskvalitet |
| Hornindal | 089-99-R Jutedalsgrova | Vasskvalitet |
| Stryn | 088-24-R | Vasskvalitet |

| | | |
|--|------------|--|
| | Høgalmelva | |
|--|------------|--|

Kantsone i eng § 15

I den nasjonale instruksen for fastsetting av regionale miljøtilskot står det følgande i § 35 Kantsone i eng; *Sonen det gis tilskudd for skal ha en bredde på minimum seks meter [fire meter dersom dette bestemmes av fylkesmannen], målt fra vassdragets normalvannstand, der minst fire [to meter] ligger på fulldyrka eller overflatedyrka areal.*

I Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket Vestland § 15 er det lagt opp til minimumssone på 4 meter kantsone. Vi oppmodar fylkesmannen ved første evalueringstidspunkt, om å evaluere ordninga med tanke på om 4 meter kantsone, som ikkje er gjødsla eller sprøyta, er tilstrekkeleg til å nå miljømålet *god økologisk tilstand*.

4. Konklusjon

Lista over prioriterte vassdrag knytt til § 15 Kant sone i eng, og § 16 Spreiing av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen lista opp i vedlegg 6.1 i Regionalt miljøprogram, bør ikkje ligge fast i 4-års-perioden. Det bør vere høve for å revidere lista.

Fylkeskommunen ønsker i denne omgang å spele inn følgjande vassdrag og vassførekomstar i tillegg til dei som er lista opp i vedlegg 6.1:

| Kommune | Vassførekomst | Årsak |
|----------------|---|-------------------------------|
| Gloppen | 087-116-R Storelva, bekkefelt nedre del | Vasskvalitet i enkelte bekkar |
| Naustdal | 084-14-R Redalselva (Liaelva) | Elvemusling |
| Naustdal | 084-196-R Svovatnet, bekkefelt | Vasskvalitet i Bøelva |
| Gaular | 083-218-R Vassenden | Vasskvalitet |
| Gaular | 083-107-R Løyken | Vasskvalitet |
| Askvoll | 084-284-R Gjelsvikelva | Vasskvalitet |
| Fjaler | 082-100-R Skadalselv, Torsetelv | Vasskvalitet |
| Hornindal | 089-99-R Jutedalsgrova | Vasskvalitet |
| Stryn | 088-24-R Høgalmelva | Vasskvalitet |

Når Regionalt miljøprogram og forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket Vestland skal evaluerast oppmodar vi fylkesmannen om å evaluere ordninga i § 15 om kantsone i eng med tanke på om 4 meter kantsone, som ikkje er gjødsla eller sprøyta, er tilstrekkeleg til å nå miljømålet *god økologisk tilstand*.